

# Pionerskule deltok på nordisk samling

■■ Lang erfaring i entreprenørskap ■■ – Gir gode skuleresultat

**LEIKANGER:** For rektor Ingunn-Marie Myren er entreprenørskap noko som skal gjennomsyra skulekvardagen.

I haust har ho vore på konferanse i København i regi av Nordisk Ministerråd for å dela den 15 år lange erfaringa med å baka inn kunnskap om nærmiljøet og elevbedrifter i skulekvardagen.

Konferansen hadde deltakrar frå Finland, Sverige, Noreg, Danmark, Island, Grønland og Færøyane, totalt 140.

## I ryggrada

– Då me starta opp var det eit prosjekt me skulle driva med i ein avgrensa periode. Men no har me institusjonalisert dette. Hjå oss ligg det i ryggrada, seier Myren.

Skulen har lang erfaring med entreprenørskap og er såleis pioner på området i Sogn. Dei starta opp i 2000, medan det kom ei regional satsing på feltet i 2006. Oppgjennom har skulen vore med på fleire prosjekt og samarbeid med på tvers av landegrensar.

– Skuleverket har veldig fagfokus. Det er svært viktig, men me må også tenkja på heile mennesket og nytta ulike innfallsvinklar, seier Myren.

## Nyttar lokalmiljøet

Lokalkunnskap, partnerskap og elevbedrifter er sentralt i entreprenørskapstanken.

– Me nyttar lokale ressursar som ikkje nødvendigvis står i lærebøkene, seier ho og viser til at før var skulen tavle, læreboka og læraren. No er lokalmiljøet eit viktig moment.

I Leikanger er arbeidsplassane og til dømes sogelaget ein ressurs. Besøk i nærmiljøet og andre som kan syna elevane kva som finst av både historie og framtidige jobbmoglegheiter i nærmiljøet.

Elevane Martin og Ingemår har planane klare for si verksemd, som dei snart skal setja ut i praksis gjennom elevbedrifter.

– Eg skal gå tur med hundar, seier Ingemår.

Martin legg opp til filmopplevingar.

– Me skal laga kino på kroi.

## Leiarstrategi

Men entreprenørskap er meir enn elevbedrifter understrekar Myren og får støtte frå Claus Røynesdal, som jobbar med barnehage- og skuleutvikling i regi av Sogn regionråd.

– Pedagogisk entreprenørskap er både ein elevaktivitet



**SJØLVSAGT ENTREPRENØRSKAP:** Rektor Ingunn-Marie Myren har lang erfaring med entreprenørskap. Det har også elevane Ingemår Foss-hagen og Martin Strømseng Opthun, som snart går i gang med elevbedrift.

og ein filosofi, altså ein måte å tenkja og driva skuleutvikling på. Det er også ein leiingsstrategi. Nokre trur framleis at entreprenørskap i skulen handlar om elevbedrifter. Pedagogisk entreprenørskap kan visast att i elevbedrifter, men det er så mykje meir enn det. Juletre er berre eitt av mange teikn på julefeiring, ikkje alle, eksemplifiserer han.

Både han og Myren deltok på konferansen i København.

– Nordisk Råd ynskjer å

vera ein drivar i skuleutviklinga i Norden og satsar nett opp på entreprenørskap som strategi. Dette har me jobba mykje med i Sogn, seier Røynesdal.

Han peiker på at Sogn er einaste region i landet som har fagnettverk i entreprenørskap og eiga entreprenørskapsmesse for ungdomsskulen.

– Det er nok ein samanheng mellom denne satsinga og resultat i Sogn. Dette er noko av grunnen til at to representan-

tar herfrå hadde to heile timar på konferansen, seier han.

Røynesdal meiner skuleresultat talar for seg.

– Me veit at Sogn og Fjordane trekkjer snittet på skuleprestasjonar i landet opp. Så er det slik at region Sogn dreg opp snittet i fylket, kvart år. Kva er det då me gjer i Sogn som andre ikkje gjer, spør han.

Røynesdal svarer sjølv:

– Satsing på entreprenørskap, satsing på lærande, regionale nettverk, satsing på

internasjonalisering og satsing på psykisk helse.

– Alle skulane i Sogn er ikkje like mykje involverte i alle desse fire satsingane, fordelinga er ulik mellom skular og kommunar. Men i sum satsar me tungt på dette over tid og dette er med på å forklara resultatata, meiner Røynesdal.

Renate Sæle  
renate@sognavis.no

## – Eit fyrtårn

**LEIKANGER:** Ungdomsskulen i Leikanger er ein veteran å rekna innan entreprenørskap.

– Rektor Myren og rådgjevar Reidun Sterri Fjell var tidleg ute med entreprenørskap, for 15 år sidan. Dei tok formell utdanning innan entreprenørskap hjå Høgskulen i Sogn og

Fjordane, seier Claus Røynesdal.

## Internasjonalt

Han framhevar at Myren sjølv tok initiativ til dei regionale fagnettverket i Sogn, i 1999.

– Ungdomsskulen har jobba 15–20 år med internasjonalisering, der entreprenørskap har vore ein raud tråd. Leikanger ungdomsskule er eit fyrtårn for skuleutvikling, både i Sogn

og Noreg. Difor vart Myren invitert til Nordisk ministerråd og andre slike konferansar, rosar Røynesdal.

Det levande livet utanfor skulen er noko han brenn for.

## Skapande

– Svært mange av skulane i Sogn er flinke til å driva skuleutvikling utanfor skulegården. Dei nyttar ulike undervisningsarenaer og dei samarbeider

med bankar, verksemdar, foreiningar.

Partnerskap og samarbeid utanfor skulen blir ein spennande variasjon i undervisninga. Det kan gje ei god moglegheit til å skapa noko sjølv. Det handlar om å nytta faga du har lært på skulen i ein skapande prosess der du ser verdiane av trauste skulefag, meiner han.